

Bakkar og Berg Media AS
v/redaktør Kjetil Haanes
Postboks 142,
6099 FOSNAVÅG

22. mars 2021

Medietilsynet
Nygata 4
1607 FREDRIKSTAD

INNSPEL OM ENDRINGAR I MEDIESTØTTA

Vi viser til at Medietilsynet ønskjer innspel om det er behov for endringar i dagens støtteordningar i samband med Kulturdepartementets arbeid med å revidere forskrifta om produksjonstilskot for nyheits- og aktualitetsmedium.

På vegne av Bakkar og Berg Media AS, som er utgjevarselskapet til NETT NO (www.nett.no) meiner vi at det absolutt er behov for fleire endringar, og vil her leggje spesiell vekt på to forhold som vi meiner det hastar med; endringar for å stimulere til mediemangfald på regionalt nivå og endring av forståinga av utgivarstad.

Mangfald på regionalt nivå

Vi meiner at dagens støtteordning på regionalt nivå i altfor stor grad favoriserer dei store aktørane, og at støtteordninga i staden for å oppretthalde og styrke mangfald i enkelte regionar i praksis bidreg til det motsette i strid med hovudformålet med ordninga med produksjonstilskot.

For å illustrere vårt poeng viser vi til vår eigen situasjon på Nordvestlandet der NETT NO, eigd av Bakkar og Berg Media AS, er den einaste reelle konkurrenten på regionalt nivå på journalistikk om næringsliv og andre vesentlege samfunnsemne til Polaris-eigde Sunnmørsposten og avisas store nett av lokalaviser.

Nordvestlandet er ein stor region, dekker deler av to fylke og er normalt definert som området mellom Nordfjorden og Romsdalsfjorden, og strekker seg frå kysten til grensa til Innlandet i aust.

På Nordvestlandet er Polaris-eigde Sunnmørsposten den heilt dominerande medieaktøren. I tillegg til å vere den klart største avisa med eit opplag på 26.600 (2020-tal), eig Sunnmørsposten lokalavisene Fjordenes Tidende, Fjordabladet, Fjordingen, Møre-Nytt, Vestlandsnytt, Vikebladet Vestposten, Nyss (samanslått av Sunnmøringen og Sykkylvsbladet) og Nytt i Uka. I tillegg eig Sunnmørsposten avisene Dølen, Viggja og Fjuken utanfor regionen gjennom Mediahuset Skjåk Mediautvikling. Sunnmørsposten konsern veks fort på Nordvestlandet, og kjøpte Sykkylvsbladet i 2020, og har hittil i 2021 kjøpt Nytt i Uka.

I 2020 mottok dei Sunnmørsposten-eigde lokalavisene vel 7,6 millionar kroner i produksjonstilskot. Samtlege aviser mottar støtte, med unntak av gratisavisa Nytt i Uka.

Samstundes som Sunnmørsposten konsern tar stadig større kontroll over medielandskapet på Nordvestlandet, har Medietilsynet både for 2019 og 2020 sagt nei til produksjonstilskot for NETT NO, som er den einaste konkurrenten til Sunnmørsposten konsern innanfor næringslivsjournalistikk og anna samfunnsviktig journalistikk for innbyggjarane på regionnivå.

Medietilsynet har slått fast at NETT NO oppfyller alle kriteriar til å motta produksjonstilskot, med unntak av at tilsynet meiner at NETT NO ikkje oppfyller formåls- og innhaldsvilkåra i forskrifta § 3, første ledd nummer 1 og nummer 2 om debattstoff og tematisk breidde.

Vi har overfor Medietilsynet tilbakevist dette, utan hittil å få gjennomslag, og vi avventar no utfallet av klagebehandlinga i Medieklageutvalet.

Isolert sett er det fint med støtte til dei små lokalavisene, noko vi også støttar, men situasjonen i denne regionen er at Sunnmørsposten har inngått stoffsamarbeid med fleire av dei viktigaste av sine aviser, og driv med aktiv stoffutveksling, spesielt innanfor stoffområde som NETT NO prioriterer. At det er direkte konkurranse viser blant anna igjen ved at Sunnmørsposten i stor grad har tatt 'copy paste' av fleire av NETT sine satsingar (nytt om namn, nyheitsbrev om økonomi og næringsliv, podcast om økonomi og næringsliv etc), og har i tillegg oppretta smp.no/naeringsliv.

Medan NETT NO er ein liten og uavhengig aktør, er Sunnmørsposten ein stor aktør i eit stort og ambisiøst mediekonsern, og gjennom sin tildelingspaksis favoriserer Medietilsynet den dominerande aktøren i denne regionen, og hindrar aktivt at nye aktørar kan etablere seg. Vi viser til at det er kostnadskrevjande å starte opp eit nytt medium, og det er i tillegg ekstra ressurskrevjande å satse på kvalitetsjournalistikk på dei områda som NETT NO spesielt prioriterer, men dette er uansett dei stoffområda det i ein region også er viktigast å ha konkurranse på, utan Medietilsynet hittil har lagt dette til grunn.

I tillegg til å seie nei til å støtte ein regional aktør som NETT NO, opnar Medietilsynet opp for å gi produksjonstilskot til nasjonale aktørar med same stoff-fokus som satsar i denne regionen, gjennom at det er etablert ein praksis om at såkalla nasjonale aviser kan vere tematisk avgrensa, og såleis ikkje har behov for å oppfylle breiddekravet.

Gjennom ein slik praksis driv Medietilsynet dobbel konkurransevriding til ugunst for den minste og mest sårbare aktøren som satsar i ein region, og den aktøren som sikrar at det er eit reelt mangfald.

Konserna er på offensiven, spesielt Amedia og Polaris Media, og vi meiner at vi vil sjå liknande utvikling som vi har sett på Nordvestlandet i andre regionar der konserna er inne med stor tyngde. Polaris-direktør Per Axel Koch har også nyleg sagt til fagbladet Journalisten at *«Jeg tror ikke det i dag er mulig for mindre mediehus å klare seg alene. Man må inngå samarbeid eller være med i konsern.»*

Koch kan fort få rett, om dagens tildelingspraksis vert vidareført av Medietilsynet. Vi viser også til Mediemandfoldsregnskapet som viser at i 2018 kontrollerte dei tre store mediekonserna Amedia, Polaris og Schibsted, om lag 75 % av opplaget i dei regionale og lokale marknadene. Denne andelen har truleg seinare auka.

Om produksjonsstøtta framleis skal vere meint å sikre mangfald og uavhengig journalistikk av høg kvalitet om viktige samfunnsemne også på regionalt nivå, må produksjonsstøtta omleggast slik at også nye og uavhengige aktørar, som nettopp satsar på kvalitetsjournalistikk om viktige samfunnsemne, vert prioriterte. Om ikkje, vil mykje av grunnlaget for heile ordninga falle bort.

Derfor må anten forskrifta endrast, slik at regionmedia som NETT NO, til liks med Kyst og Fjord, får dispensasjon for innhaldskravet, alternativt må tildelingsmyndigheitene endre fortolkinga av breiddekravet slik at regionale medier som satsar på kvalitetsjournalistikk om nærings- og samfunnsjournalistikk, vert støtteverdige.

Og uansett; inntil dette er på plass, bør Medietilsynet raskt justere tildelingspraksisen slik at ein i mellomtida ikkje mister regionale aktørar som kan bidra til sårt tiltrengt mediemangfald.

Forelda forståing av utgivarstad

Vi viser i tillegg til at dagens forskriftstekst om utgivarstad er forelda, noko som får konsekvensar dersom ein skal vurdere konkurransesituasjonen.

I dagens forskrift står det at «Med utgiversted menes den kommune der nyhets- og aktualitetsmediet har sin hovedredaksjon. Bydel eller kommunedel skal regnes som utgiversted, dersom mediet i hovedsak har redaksjonell omtale av forhold i et geografisk område med færre enn 50 prosent av kommunens innbyggere og at minst 90 prosent av mediets abonnenter i utgiverkommunen har bosted i det samme geografiske området.»

Etter forskrifta § 12 pliktar Medietilsynet å gi ei konkret vurdering av konkurransesituasjonen på utgivarstaden, og kan gi dispensasjon frå bestemmelsane i forskrifta om tilskot er viktig for å oppretthalde konkurransen på utgivarstaden for å sikre drifta av eit nyheits- og aktualitetsmedium i ein marknad som er for lite til å vere berekraftig.

Overfor NETT NO har Medietilsynet gjort ei slik vurdering, og har lagt til grunn at det er lokalavisa Vestlandsnytt i Herøy og Sande som er NETT NOs hovedkonkurrent, og Medietilsynet har dermed utifrå ei vurdering av konkurransen på utgivarstaden avslått å dispensere frå bestemmelsane i forskrifta.

NETT NO har rett nok ei postadresse i Fosnavåg i Herøy kommune, sidan vi er nøydd til å ha ei postadresse, men vi er samstundes ei nettavis som primært dekker 17 kommunar på Nordvestlandet (23 før kommunereforma).

Vi har ein hovudkonkurrent i regionen, og det er Polaris-eigde Sunnmørsposten med sitt nett av lokalaviser. Både Sunnmørsposten og NETT NO definerer sitt primære satsingsområde som Nordvestlandet, og vi dekker dei same kommunane. Det vert derfor absurd når Medietilsynet utifrå gjeldande forskrift legg til grunn at den superlokale avisa Vestlandsnytt er NETT NOs hovudkonkurrent.

Tidlegare var det gjerne slik at aviser hadde ein fast utgivarstad og ein fast hovudredaksjon der journalistane møtte opp om morgonen med kamera, penn, papir og matpakke, og fekk oppdraga med redaktøren etter eit morgonmøte. Dette er den gamle aviskvardagen. Slik vert ikkje framtida, og slik er det heller ikkje i dag i nyare nettredaksjonar som NETT NO, der vi ikkje har ein fast fysisk redaksjon, og der geografi er uvesentleg i forhold til å utføre arbeidet.

Vi er sikre på at det kjem fleire nye medier som vert oppbygt på tilsvarande måte som NETT NO, utan nokon definert geografisk hovudredaksjon eller utgivarstad. Vi meiner at det dermed er behov for å endre forskifta, eventuelt at Medietilsynet endrar sin fortolking av forskrifta og tar omsyn til dei faktiske realitetar, slik at ikkje ei tilfeldig postadresse vert avgjerande for om NETT NO og andre medier har rett på produksjonstilskot, eller ei. Om ikkje det skjer, vil det fort oppstå liknande absurditetar andre stader i landet som det Medietilsynet har lagt til grunn for å definere kven som er NETT NOs hovudkonkurrent.

Til slutt

Vi vil til slutt påpeike at vi i dag har ein situasjon der vi har ulike politiske parti som er sterke forsvarar av ulike nasjonale medier som i lang tid har vore av dei største mottakarane av pressestøtte.

I tillegg er konserna tungt representerte i ulike fora som legg premissane for kven som skal få produksjonstilskot. I ein slik situasjon er det ekstra viktig at støtteordningane vert innretta slik at dei ikkje er til hinder for utvikling av mediemangfald ved at nye og uavhengige aktørar er nettopp dei som fell utanfor støtteordningane, og spesielt medier som driv med samfunnsviktig journalistikk.

Med venleg helsing

Kjetil Haanes
ansvarleg redaktør NETT NO
telefon: 902 01 234
epost: kjetil@nett.no
www.nett.no